

Detaljregulering for massedeponering i Koparhola, Bjørkum

Kommunestyret i Lærdal kommune har vedteke oppstart av detaljregulering for massedeponering i Koparhola, Bjørkum. I medhald av plan- og bygningslova §12-8 vert de med dette varsla om oppstart av dette planarbeidet.

Statens vegvesen er i gang med planlegging av oppgradering av Lærdalstunnelen. Oppgraderinga vil medføre eit masseoverskot. Koparhola er nytta til massedeponi/masseuttak i dag, og planarbeidet inneber ei vidareføring av denne bruken, med i fyrste omgang ei oppfylling av området.

Planlagde tiltak er vurdert i forhold til forskrift om konsekvensutgreiing, og det er konkludert med at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Alle som vil kan koma med innspel til oppstart av planarbeidet. For å lesa dokument som skildrar planarbeidet, planområdet og anna, kan du lese om saka på kommunen sine heimesider på www.laerdal.kommune.no.

Innspel til planarbeidet vert å senda til COWI AS, ved: Anja Urdal Vinje, Rennesøygata 12, 5537 Haugesund eller på epost: auv@cowi.com innan 21. desember 2022. Ta gjerne kontakt om de har spørsmål til planarbeidet.

Sakshandsamar hjå kommunen er Monika Lysne (epost: Monika.Lysne@laerdal.kommune.no og telefon 57 64 12 00).

Med helsing

Anja Urdal Vinje
COWI AS

Vedlegg: Kart med planavgrensing